



Maria Malmsten imponerte både som komponist og dirigent

Både vertskoret Røysterett for alle med base i Uskedalen og gjestekoret Strupebandet frå Halsnøy imponerte med høg songleg og musikalsk kvalitet under 25-årskonserten i Kulturhuset på Husnes ikveld.

Dei 2 kora utfylte kvarandre perfekt og publikum hadde 2 fine timar. Dei 70 songarane fortente at fleire enn 70 kom for å høyre dei og ordførar Synnøve Solbakken var da også overstrøymande med ros då ho førte an i blomedrysset til slutt. Ho takka ikkje minst for at songarane spreier så mykje glede.



Tiril Einarsdotter dansa vals

Kva for ein song gjorde så størst inntrykk ?

Skal ein dømma etter applausen var det Månemannen - som utløyste trampeklapp. Stavelands og Hovlands låt sat da også som eit skot med supplement av Audun Tvedten på saksofon, Egil Vaage på fele og Olav Koløy som songsolist. Men framføringa av Fuggel var ikkje langt etter og We'll meet again vert aldri for gamal.



Strupebandet er eit stort kor

Øverst på det jubilerande kors mangfaldige repertoar fortener fleire songar plassen, men vi held ein knapp på den gamle, gode musikalhit Om eg var ein rik mann som vart spenstig framført i Hartvig Kirans reine språkdrakt. Koret song også ein annan Spelemann-song - Sol stig, sol sig - slik han skal syngjast.

På den meir muntre sida fekk vi Fabel av Jakob Sande og Ei vidunderlag verd og Så skimrande var aldri havet er like slitesterke som før. Den ferske Røysterettsongen sit no som den skal og eignar seg også som allsong!

Det gjer forsåvidt også Malmstensongane frå syklusen som det vart framført 3 av denne gongen. Eit anna knippe songar

- faktisk så mange som 8 arrangert av Per Indrebø - vart presentert som ei musikalsk pakke og kravde sikkert atskillig av songarane.

Frå solistbunken er det særleg grunn til å sette strek under fleire talantar frå Stord. Fyrst og framst gjeld det dirigentdotter Tiril som gjer framskritt på fela for kvar konsert og Irene Simonsen som imponerte med Grieg-tolkingar på piano.



Irene Simonsen både song og spela piano

Avviklinga av konserten kunne ikkje ha vore meir prikkfri, men så hadde da også den fyrste dirigent Kristian Bringedal ansvaret

for den. Han hadde som målsetting å setta stemning og skapa
høgtid og det gjorde han.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Jubileumskoret held den høge standarden